# 7. soknerådsmøte 2015, 11.juni : Referat

| Sokneråd FOK | Tilstede: | Merknader / Vararepresentant: |
|---|---|---|
| Jon Lende | X | Leiar av soknerådet |
| Tor Arne Laland | X | |
| Sigve Klakegg | X | |
| Karl Inge Lygre | X | Nestleiar |
| Helen Hetland Mori | X | |
| Ragnhild Vaage | X | |
| Venke Ueland | | 2.vara |
| Astrid Judith Møller | X | |
| Stab FOK | | |
| Morgan Fjelde | X | Sokneprest |
| Ingunn Matre | X | Dagleg leiar |

## Mat: Sigve

| | |
|---|---|
| | Delerunde og bønn |
| Sak:36-15. | Innkalling er godkjent . Denne gongen var det ein del vedlegg som vart sendt ut tett innpå møtet. Ingunn vil minna alle på levera dette ca 1 veke før vi treng å senda det ut. |
| Sak:37-15. | Godkjenning av referat frå møte 14.april<br><br>**Orienteringssaker :**<br><br>1. Orientering frå stab. God innspurt mot sommeren, avtakking for Hilde og Joseph. Det vil være folk på kontoret hele juli også i år. Geir Ådne ønska sin ferie tre første uker i august Ett-åring fra BiG har meldt si interesse for å arbeida med barn og ungdom, Ingunn fylgjer opp dette. Vi held på å laga tilbod til Ruben Omdal på midlertidig engasjement kreativ/ musikalsk leiar 20 %.<br>2. Givertjenesten i mai – kr 107250<br>3. Referat frå AU<br>4. Semesterplan for hausten 2015 – datoar for sokneradsmøter . Bytter SR-møtet til 20. august. ( Merknad : Vart pr mail etter møtet flytta til 19. august ) . Medarbeiderfest blir 16. januar.<br>5. Orientering : Fellesrådsmøtet – viktig milepæl. Har blitt satt opp ein plankomite for ny kyrkje i Klepp. Ingunn minner Per Åge på at vi får referat frå fellesrådsmøtet. |
| Sak:38-15. | **Lokal Grunnordning – oppdatert etter første innsending**<br><br>Etter at denne vart sendt inn i 2013 vart det opna for utvida frist for alle kyrkjelydar til å innarbeida endringar innan 15. juni 2015<br><br>Ei arbeidsgruppe beståande av Morgan Fjelde, Helen Hetland Mori og Jon Lende har arbeida med endringane.<br><br>Svardokumentet vart gjennomgått i møtet og mindre omformuleringar var gjort.<br><br>**Vedtak :**<br><br>Dokumentet vert sendt inn til bispedømmekontoret innan 15. juni slik det framstår etter endringane i møtet |
| Sak:33-15. | **Trusopplæringsplan**<br><br>Dei fleste kommentarane frå førre sokneradsmøte er innarbeida og ny versjon av planen er vedlagt |

| | |
|---|---|
| | Soknerådet er svært nøgd med å sjå at dette er ferdig nå, ser at det har blitt gjort streng prioritering for å få plass til arbeid med dette, og takkar utvalget for å ha arbeida dette fram.<br><br>**Vedtak :**<br><br>Soknerådet stiller seg bak planen slik den står no, og Ingunn sender denne inn til bispedømmekontoret innen 15. juni. Etter kommentarer derfra skal den væra ferdig godkjent innan 1. desember 2015. |
| Sak:35-15. | **Arbeid med kulturdokument**<br><br>Utkast til kulturdokumentet er vedlagt.<br><br>**Vedtak :**<br>Utkastet vart seint sendt ut soknerådet, og er heller ikkje ferdig til å konkluderast i dette møtet. Soknerådet skal kommentera på dokumentet innan neste møtet i arbeidsgruppa 16.juni. |
| Sak:39-15. | **Offerliste for hausten 2015**<br><br>Karl Inge Lygre har sett opp liste for hausten etter kriteriar som har vorte lagde til grunn tidlegare. Stiftelsen og Ukraina-prosjektet får i snitt 1 offer pr månad kvar. I tillegg vert organisasjoner som folk i menigheten har eit sterkt engasjement i prioriterte<br><br>**Vedtak :**<br><br>Karl Inge set opp forslag til ny liste etter kommentarer i møtet. UanZ har søkt om ein kollekt , denne vert ikkje sett opp med grunngjeving at dette arrangementet får redusert husleige. |